

Liten påsketrafikk, men treteltbyggjing

28.03.2010



**Innslaget av påsketuristar på Rabben Feriesenter er minimalt, kan Steinar Myklebust mælda.**

**Så har han da heller ikkje lagt opp til noko spesielt besøk i helga reint bemanningsmessig. Men det betyr ikkje at alt er stille på den populære campingplassen.**

Inntil elva er eit tretelt under byggjing og Steinar fortel at dette er det femte i rekka av slike som anten er bygd eller skal byggjast.

Det har nesten vore kø av tretelt-søknadar i kommunen etter at dei opna for byggjing for stutt tid sidan.

Dei som no er i gang i påska er ein gjeng frå Nå ved Sørfjorden, som vi kallar Utne-gjengen ettersom dei heiter Magni Håkonsdotter Utne, Håkon Utne og Knut Utne. Dei to sistnemnde er på biletet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)